



Morten Irgens Landmark
Mjåtveitmarka 84
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/325 - 19/2987

Saksbehandlar:
Magne Lædre
magne.laedre@meland.kommune.no

12.02.2019

Tilbakemelding på avviksmelding Sagstad Skole

Viser til avviksmelding datert 8. februar om at melder har ei oppfatning av at Opplæringslova §9A-4 og 9A-6 ikkje er tilfredstillande ivaretatt.

Det er og lagt ved lenkje til aktuelt lovverk.

<http://www.skoledata.net/Kommune/Veiled/Kd/ol9a.htm#a6>

Denne lenkja tar oss til ei gammal side og eit lovverk som ikkje lengre er gjeldande. Heile kapittel 9A i Opplæringslova blei endra 9. juni 2017.

I nye kapittel 9A er det §9A-3 og §9A-9 som er aktuelle paragrafer i høve til det du tar opp.

I § 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid, står det:

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

Skulen har ein plan for «Eit trygt og godt skulemiljø». Planen er tilgjengeleg for alle på heimesida til skulen. I den vert skulen sitt kontinuerlige og systematiske arbeid omtala og sett i system i eit årshjul. Planen har vært til høyring i både FAU og elevråd i tillegg til skulen sine eigne organ og er vedtatt i Skulemiljøutvalet 15.11.2018.

I § 9 A-9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg, står det

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.

Dersom skolen finn ut at noko ved skulemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogleg varslast om det.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skolemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skolemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skolemiljøet.

Første ledd i §9A-9 meiner skulen er godt ivaretatt. Informasjon om rettane vert gjennomgått på foreldremøte om hausten for dei føresette, og vert og gjennomgått i kvar einskild klasse av kontaktlærer.

Andre ledd er og ivaretatt i saka du viser til. Det ligg ingen krav i Opplæringslova til kva form skulen skal nytte til å informere føresette. Denne saka skal og følgjast opp på foreldremøte fredag 15. februar.

I høve til 3. ledd som er skulen sitt arbeid med eit trygt og godt skulemiljø fast punkt i alle møte i Skulemiljøutvalet. I skulemiljøutvalet er både elevar og føresette representert med 3 representantar kvar.

Rektor vurderer at §9A-3 og §9A-9 er tilfredstillande ivaretatt på Sagstad skule.

Med helsing

Magne Lædre
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kari Anne Iversen
Kristin Moe

Mottakere:

Morten Irgens Landmark

Mjåtveitmarka 84 5918

FREKHAUG